
PROTOKOLL FRA FORETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 4. mai 2010 kl. 11.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet ble halde som telefonmøte.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Prøveordning med umiddelbar varsling til Statens helsetilsyn når alvorlege hendingar har skjedd

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia etter fullmakt frå helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen.

Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen

Nestleiar Aud Berit Alsaker Haynes

Ohene Aboagye

Gro Skartveit

Reidun Johansen

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Eigardirektør Ivar Eriksen

Fagdirektør Baard-Christian Schem

Også til stades

Avdelingsdirektør Frode Myrvold

Seniorrådgjevar Tjaarke Hopen

Seniorrådgjevar Randi Lilletvedt

Seniorrådgjevar Olav Gjestvang

Seniorrådgjevar Hege Louise Østlyngen

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Kristin Grimshei Madsen.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og leste opp fullmakt frå statsråden. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Oddvard Nilsen og Per Bleikelia blei valde til å skrive under protokollen. Per Bleikelia overlét møteleiinga til styreleiar Oddvard Nilsen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsordenen. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Prøveordning med pålegg om umiddelbar varsling til Statens helsetilsyn når alvorlege hendingar har skjedd

Statens helsetilsyn har fått i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å etablere ei uttrykkingsgruppe for å styrke den tilsynsmessige gjennomgangen når det har skjedd alvorlege hendingar i spesialisthelsetenesta. Utrykkingsgruppa i Statens helsetilsyn blir etablert som ei prøveordning i to år frå 1. juni 2010. Samtidig blir det innført ei prøveordning i to år med varselplikt for spesialisthelsetenesta til Statens helsetilsyn når alvorlege hendingar har skjedd.

Formålet med å etablere uttrykkingsgruppa og varselplikt ved alvorlege hendingar, er å bidra til ei betre og raskare vurdering av dei alvorlege hendingane ved at tilsynsmyndigheitene raskt kjem i dialog med dei som er involverte og som hendinga gjeld, raskt skaffar seg ei oversikt over kva som har skjedd og sikrar innhenting av relevante saksopplysningar. Dette føreset at Statens helsetilsyn får melding om alvorlege hendingar umiddelbart etter at dei har skjedd. Dei innhenta opplysningane vil bli lagt til grunn i den tilsynsmessige vurderinga av hendingane.

For at ordninga skal fungere etter intensjonane, blir følgjande definert nærare: Kva ein meiner med alvorlege hendingar, kva umiddelbart varsel etter at hendinga har skjedd inneber og kven som er ansvarleg for at varsel blir gitt.

Alvorlege hendingar betyr i denne samanhengen dødsfall eller betydeleg skade på pasient kor utfallet er særlig uventa i forhold til pårekneleg risiko. I vurderinga av om slike hendingar skal meldast til Statens helsetilsyn, skal det leggjast vekt på om hendinga kan skyldes feil, forsømmingar eller uhell på system- og/eller individnivå, om det er uklart kva som har skjedd og om saka er kompleks med fleire involverte helsepersonell.

Umiddelbart varsel betyr så raskt som mogleg og seinast innan påfølgande dag. Varslinga skal skje elektronisk. Nærare retningslinjer for varsel vil bli gitt på Statens helsetilsyn sine heimesider (www.helsetilsynet.no) innan 21. mai 2010.

Det er helseinstitusjonen der den alvorlege hendinga har skjedd som skal sende varsel. For at ordninga skal verke slik den er tenkt, må den i tillegg til å omfatte Helse Vest RHF sine underliggjande helseføretak, også omfatte dei helseinstitusjonane Helse Vest RHF og helseføretaka i regionen har avtaler med.

Prøveordninga inneber ingen endringar i helseinstitusjonane si meldeplikt etter spesialisthelsetjenesteloven § 3-3 og leger si plikt etter helsepersonelloven § 36 til å underrette politiet når det er grunn til å tro at dødsfallet er unaturleg.

Føretaksmøtet vedtok:

Helse Vest RHF skal pålegge underliggende helseføretak og institusjonar dei har avtale med å varsle Statens helsetilsyn umiddelbart når alvorlege hendingar har skjedd.

Varslet skal gis frå den aktuelle helseinstitusjonen til Statens helsetilsyn.

Pålegget gjeld som ei prøveordning i to år med verking frå 1. juni 2010.

Møtet vart heva kl. 11.10

Oslo, 4. mai 2010



Per Bleikelia



Oddvard Nilsen